

FAU-møte referat 17/1

Tilstede: Rektor Kristian, Charlotte (1.trinn). Gunstein+ Birte (2.trinn), Ingvild + Andre (3.trinn), Elisabeth (5.trinn), Helena(4.trinn), Monica+Jannicke(7.trinn)

1. Informasjon frå rektor:

- a) Ingen store hendingar på skulen gjennom juleferien. Rapport om nokre knuste vindu, men alt i alt rolig.
- b) Nytt av 2026: omorganisering av reinhaldarane der rektor ikkje lenger er “sjefen” over dei. Reinholdarane har og fått ein ny reinhaldsstandard; rom skal vaskast kun når det er naudsynt, ein er oppteken av at reinholdet skal vere “godt nok”. WC på småtrinn og klasserom til særskild 1.trinn blir framleis vaska med samme hyppigheit som før.
- c) Rektor gir oss en grundig gjennomgang av elevundersøkelsen i haust. De offentlige resultatene er tilgjengelig her:
<https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/elevundersokelsen/>
Skoleeier kan også se de innloggede resultatene. Trykker dere på Læringsmiljø 5-10 eller mobbing 5-10 får du resultater for hele Norge. På venstre side kan du gå inn og velge enhet, søke opp Kringlebotn skole. Da får du opp spørsmål om trivsel. Det samme gjelder for mobbing. Oppsummering er at vi hvert år gjennomfører elevundersøkelsen på 5. 6 og 7. trinn. Resultatene gir oss noen opplysninger som vi bruker i vårt arbeid på å både møte elevene, sikre at elever får medbestemmelse og hvordan vi videre bør arbeide med skolemiljøet vårt. Vi bruker også andre verktøy i denne kartleggingen (spekter digital).
- d) Neste samarbeidsutvalgsmøte (SU-møte) blir 28/1 kl 14.30. Elisabeth og Ingvild (stedfortreder for Gunstein) stiller fra FAU. M.a. skal skuleruta for 2026/27 vedtas.
- e) STOLT-avdeling: Det blei vedteke av bystyret å opprette eigen STOLT-avdeling med 20 elevar ved Kringlebotn. STOLT står for “særskild tilrettelagt opplæringstilbod” og er ei forsterka avdeling for elevar som treng det i Bergen. Kringlebotn vil då bli deira “lokalskule”, sjølv om dei ikkje bur i vår “skulekrets”. Førebels ikkje satt noko dato (eller år) for oppstart.
Dette er, som nevnt i tidlegare referat, areal- og personellkrevjande elevar. Logistikken rundt dette; kor mykje areal av skulen dei vil legge beslag på og kor store ringverknader det vil få for skulen og tilbodet til våre “vanlege” elevar, er uvisst. Rektor lover at FAU vil få informasjon fortløpande.

- f) Søknad om støtte til skidag: Rektor har med ein hyggelig søknad frå 7.trinn om støtte til skidag. FAU har, fram til i fjor, støtta skulen med 10 000kr til eit slikt tilbod. Dette har dekkja ein liten del av det ein skidag kostar. Skulen er no i ein så vanskelig økonomisk situasjon, at dei ikkje har pengar å avsjå til eit slik tilbod. Søknaden blir difor avslått. Ein vil likevel oppmode skulen om å svinge seg rundt ved neste snøfall å arrangere klassevise turer til akebakker i nærområdet/evt Totland for skigåing med dei ulike trinna. Vi vil også oppmode 7.trinn til å søke FAU om pengar til avslutningstur. Trinnet i fjor gjorde det og brukte støtta til ein tur på Høyt og Lavt. Dei kan søke om inntil 10 000 kr. Søknadsfrist 14.april. Trinnet vil få eit eige svarbrev frå FAU i løpet av veka.

2) Økonomi:

Kaserar er diverre sjukemeld og ynskjer at nokon andre tek over vervet. André Madsen (3.trinn) overtek ansvaret, og det vil bli meldt til Brønnøysundregisteret. Resten av styresammensetningen er som før; Elisabeth Alsaker som leder, Gunstein Pytten som nestleder, Ingvild Nyre Knudsen som sekretær.

3) Foreldremøte:

Vi har hyra inn "Barnevakten" til å holde foreldremøter for oss. Det blir to ulike møter, eit for 1-4 trinn og eit for 5-7 trinn.

Bakgrunnen for å hyre inn barnevakten, er dei nye retningslinjene til Kringlebotn om smarttelefonfri barndom:

<https://www.bergen.kommune.no/omkommunen/avdelinger/kringlebotn-skole/rad-og-utvalg/barnas-digitale-hverdag>

Barnevakten er ein fri og sjølvstendig stiftelse som formidler fakta og råd om barn, unge og medier. Målet deira er at barn og unge skal bruke medier på ein trygg og bevisst måte (sjå www.barnevakten.no).

Tirsdag 10.mars kl 18-19.30(21.00): Primært for **1-4 trinn**, men alle er hjertelig velkomne.

Kl 18-19.30: **Smarttelefonfri; hva nå?**

<https://www.barnevakten.no/foredrag/foredragstilbud/skole/nytt-foredrag-smarttelefonfri-hva-na/>

19.30-21.00: Foreldremøte/diskusjon (Trinnkontakter/FAU-rep leder møtet).

Foredragsholder: Gila Hammer Furnes har doktorgrad i pedagogikk og er førsteamanuensis ved NLA Høgskolen i Bergen. Ho jobber også som foredragsholder hos "barnevakten".

Onsdag 18.mars kl 17.30-19.30: Kveldsskule for 5.-7. trinn (foreldre og barn!).

Kurset er obligatorisk for barna, og dei vil få to timer avspasering frå skulen ein annan dag.

Tema: <https://www.barnevakten.no/foredrag/foredragstilbud/skole/kveldsskole/>

Temaet kan tilpassast innspill frå foreldre, så gjerne ta kontakt med din FAU-kontakt på trinnet :-)

Foredragsholder: Åsmund Røed. Jobber som lærer på 5.trinn Seljedalen Skule og er foredragsholder for barnevakten.

Oppgavefordeling i FAU i forbindelse med arrangementet:

- Alle i FAU ber om innspill frå foreldre ang arrangementet; om det er noe spesielt dei ynskjer ein skal diskutere/ta opp. Meld dette tilbake til hhv Birte (1-4 trinn) og Jannicke(5-7 trinn) FØR vinterferien.
- Alle i FAU ansvarlig for promotering av arrangement i alle sosiale medier som trinnet bruker.
- Alle i FAU møter ein time før for å sette ut stoler til møtet (eller så snart ein kan). Om ein har mulighet til å stille på det møtet "som ikkje angår ein sjølv" også, er det supert.
- Birte (2.trinn) vil ha primæransvar for møtet 10.mars
- Jannicke (7.trinn) vil ha primæransvar for møtet 18.mars.
- Foreldremøte i etterkant av foredrag; FAU-rep tek kontakt med klassekontakter og lager eit opplegg. Birte vil også spørre foredragsholder etter nokre spørsmål eller diskusjonstema ein kan nytte seg av i etterkant.
- Fakturering: Vi vil motta to fakturarer; Ein frå foredragsholder og ein fra barnevakten. Dei treng organisasjonsnummer og namn. Dette vil bli formidla etter at ny kasserer er "oppe og går". Prisen vil kome på ca 10 000 kr for desse to foredraga.
- Rektor ordner lerret/prosjektor/lyd til gymsalen.

4) Lekseundersøkelse:

Arne kunne diverre ikkje kome på møtet i dag. Jobber vidare med dette til neste møte, Elisabeth A vil ta kontakt med han.

5) Håndbok for klassekontakter:

Skal ferdigstillast til juni 2026. Arbeidsgruppe med Jannicke, Elisabeth og Ingvild.

Referent Ingvild Nyre Knudsen.